

ÅRSRAPPORT TIME SOKNERÅD 2009

Jubileumsåret 2009 har gått inn i historien. Desse 150 åra sidan kyrkja var bygd har vore markert på fleire måtar. Jubileumskomiteen har endeleg fått sett resultatane av alle tankane og planane, og det har vorti godt. Ikkje minst for rullestolbrukarane som no kan koma heilt fram til altaret. Arbeidet med meir lys vart ikkje ferdig i 2009, men ikkje langt utpå nyåret skal det vera på plass. Jubileumssamlingane har vori vellukka og mykje folk har vori samla. Sjølve jubileumsgudstenesta var 15. november. Til denne hadde Heidi Strand Harboe skriva ei salme og Johanne Ur Sæbø hadde sett melodi til. Dette var eit flott innslag jubileumsdagen. Lisabet Risa har skriva kyrkja si historie i boka "På kyrkjeveg". Denne boka kom ut i november og me har fått mange gode tilbakemeldingar. Det er viktig at minner og opplevingar vert nedskrivne så etterkomarane våre kan få del i dei.

Har fått to nye messehaklar, ein kvit og ein lilla. Desse var utforma av Bjørg Marit Bjørnevik og brodert og montert av Else Marie Rommetveit. Fekk og nytt gyllenler på brudestolane. Dette flotte arbeidet stod Liv Søyland bak. Broren hennar, Sjur Nedrebø, har forsterka sjølve stolane.

På grunn av rehabilitering vart kyrkja stengd frå midt i juni til begynnelsen av november. Dette vart ordna med at vigslar og gravferder vart lagde til Bryne kyrkja eller Undheim kapell. Gudstenestene vart på ein god måte fordelt på fleire stader. Veret var og på vår side dei gongene me var ute.

Det er vanskeleg å samanlikna dette jubileumsåret med tidlegare år når det gjeld frammøte m. m. Men året har vori spanande og givande. Me er ikkje mindre glade i kyrkja og gudstenestene etter dette året. Særleg merka me det når "me kom heim igjen" til ei nyoppussa og nyvaska kyrkje. Har mykje å takka for som har gode gudshus. Samtidig vil eg takka alle som hjalp oss med husrom den tida kyrkja var stengd.

Så tenkjer me på alt det gode arbeidet som vert lagd ned i desse kyrkjebygga. Det er mange ting som gled oss. Det som kanskje er det finaste er å sjå alle borna og unge som er med når det er lagt opp til noko for dei i gudstenesta. Tenkjer bl. a. på Vestly skule som var med på "Fest i Guds hus" 13. desember, born som bær inn figurane som skal stå i julekrubba, og dei som er med 1. påskedag med påskeliljer. Kan og nemna palmesøndag og påskenattgudstenesta. Takk til "Løvegjengen" og foreldra som på ein god måte er med på dette.

Anne Sofie Haarr var prost ut januar. Avskjedsgudstenesta for henne var i Bryne kyrkja med avslutningssamling etterpå. 24. mai vart den nye prostens vår, Kjell Børge Tjemslund, innsett i Time kyrkja. Etter gudstenesta hadde me samling i Lye forsamlingshus. Mange hadde helsingar med gode ord både på Bryne og Lye. 1. januar begynte Sofie Braut som ny klokkar og me er glade for å ha fått ein ung og god person i denne stillinga.

Arbeidet med Helgedagen går godt, både når det gjeld økonomi og medarbeidarar. Fargelegginga var ei forbetring. Kan og nemna at økonomien i kyrkjelydskassen er god.

Året 2009 var eit valår. For første gong vart soknerådsvalet halde på same dagen og i same bygget som stortingsvalet. På grunn av den nye demokratireforma var frammøteprosenten mykje betre. Det var samtidig direkte val til bispedømmerådet. Dette var og nytt.

Det gamle soknerådet hadde 6 møter og behandla 25 saker. Det nye hadde 2 møter og 9 saker.

Valet til nytt sokneråd gav dette resultatet:
Amund Undheim, leiar. Medl. i fellesrådet og misjonsutvalet.
Arne Heggheim, nestleiar.
Hermund Lende. 1.varamann til fellesrådet.
Irene Time Grødem. Kasserar. Repr. Fotland barnehage.
Solveig Hodne Hetland. Medl. i fellesrådet. Repr. Utstein Pilgrimsgard.
Marit Hallaråker Fotland. Medl. i gudsteneste- og diakoniutvalet.
Torleif Vestly. 1. varamann. Bibelkontakt.

Gudstenester og andre tilstellingar i jubileumsåret:

Fredag 6.februar. Kulturkveld: "Ved mi barndoms kyrkje". Songgruppa Shalom stod bak denne kvelden. Martin Barkved gav oss del i minne frå barneåra då far hans var organist. Sigbjørn Reime kåserte om "Garborg og Time kyrkja." Desse var og med: Fiona Scaub Grødem, fiolin og Anne Kristine Røthing, munnspele. Elles mat og drøst på kyrkjetorget.

Onsdag 25.mars. Konsert med kulturskulen i Time. Dette var ein del av kulturskuleveka.

Sundag 14.juni. Friluftsgudsteneste på Lye gamle prestegard. Kulturhistorie, vandring, Jærklang og Vibå spelemannslag.

Sundag 23.august. Friluftsgudsteneste ved Fotlandsfossen. IMF brass Bryne. Fotlandsstemne.

Sundag 20.september. Hausttakkefest i Hognestadhallen. Turngruppa på Hognestad, Fotland barnehage og søndagskule.

Sundag 15.november. Jubileumsgudsteneste. Eit stort felleskor, blåsegruppe og solistar. Eigen jubileumssalme. Den nye biskopen, Erling Pettersen, var med. Etterpå var det festsamling i Bryne kyrkja der me hadde dekkja bord til 300 personar i kyrkjesalen. Ca 200 møtte fram. Mange hadde gode helsingar.

Sundag 13. desember. "Fest i Guds hus." Ei spesiell adventsgudsteneste med Jærklang, Vestly skule, dramainnslag, og musikkarar.

Elles har gudstenestene vorti lagde til Lye forsamlingshus og Undheim kapell den tida kyrkja var stengd.

Takk til alle tilsette og frivillige både på Lye og Time for godt arbeid gjennom dette noko spesielle året. Forutan sjølve gudstenestene tenkjer eg då på trusopplæringa og anna barne- og ungdomsarbeid. Vil og takka diakonatet for det dei gjer. Måtte den fornyinga mange av oss opplevde i jubileumsåret fortsatt få prega oss så me set kyrkja og kristentrua høgt.

Amund Undheim.